

Bruksvilkår for Eninvest Sikker Lagring

1. Innleiing

Velkommen til Eninvest Sikker Lagring, som leverast til deg av Eninvest AS. Føljande vilkår regulerer din bruk av Eninvest Sikker Lagring ("tenesta"). Ved å ta i bruk tenesta aksepterer du vilkåra, og ei juridisk bindande avtale mellom deg og Eninvest blir inngått. Vi ber deg av den grunn å lese vilkåra i dette dokumentet nøye.

Tenesta inkluderar ei avgrensa lagringsmengde som du fritt kan disponere så lenge du har ei gyldig avtale om leveranse av internettaksess frå Eninvest AS. Ved behov for større lagringskapasitet kan dette kjøpast for ein månadleg kostnad spesifisert på Eninvest AS sine heimesider.

2. Krav

Bruk av tenesta krev at du allereie har inngått avtale om leveranse av internettaksess med Eninvest AS.

Tenesta er å ansjå som tatt i bruk frå det tidspunkt du loggar inn for første gong. Det er også kravd at du allereie har lest og akseptert Eninvest AS sine alminnelege abonnementsvilkår for internettaksess. Desse vilkåra blir så langt det passar også brukt for Eninvest Sikker Lagring, med mindre dei kjem i konflikt med nokon punkt spesifisert i dette dokumentet.

3. Varemerke og opphavsrett

Eninvest Sikker Lagring og alle tilhørande bilete, logoar og namn på tenester utgjer varemerke for Eninvest AS. Eventuelle tredjeparts varemerke som blir nytta i tilknytning til tenesta er respektive eigars eigeidom. Som bruker av tenesta har du ikkje rett til å nytte varemerke i forbindelse med tenesta utan uttrykkelig skriftlig godkjenning frå det aktuelle varemerkets eigar.

Du bør anta at alt innhald eller anna arbeid som er tilgjengelig for deg gjennom tenesta, men som du ikkje sjølv har overført til tenesta, er beskytta av opphavsrett eller er andres eigeidom. Du har ikkje rett til å kopiere, distribuere, vise eller framføre noko av innhaldet utan uttrykkelig skriftlig godkjenning frå eigaren av det aktuelle innhaldet.

4. Din opphavsrett

Eninvest AS respekterer andres opphavsrett. Om du meiner det har skjedd brot på din opphavsrett ber vi deg kontakte Eninvest AS. Når vi har mottatt din klage vil Eninvest AS eventuelt fjerne det aktuelle innhaldet som du meiner bryter med din opphavsrett. I tillegg kan Eninvest AS bestemme å stenge eller avslutte brukarkontoen for den person som forsøker å begå brot med dine opphavsrettar.

Eninvest AS hevder ingen eigeidomsrett til filer/data som du sjølv har overført til og lagra på din brukarkonto i tenesta. For at Eninvest AS skal kunne vise dine bilete gjennom et online arkiv/album, og/eller for å fullføre og produsere eventuelle bestillingar av bildeprodukt som du og gjestar i dine online arkiv/album leverer inn, bevilger du Eninvest AS en royaltufri lisens utan einerett til å nytte, kopiere, distribuere og vise dine bilete og filer.

5. Din oppførsel

Uakseptable handlingar og innhald, som skildra i detalj seinare i dette dokumentet, kan føre til at du som bruker mister tilgong til tenesta, eller at vi fjernar publisert materiale og eventuelt ikkje produserer dine bileteordrar. Vilkåra for bruk av tenesta er at du ikkje:

- (a) lagrar, offentliggjjer, eller på annan måte overfører innhald som er ulovlig, skadeleg, truande, trakasserande, ærekrenkande, uanstendig, vulgært, til skade for andre personars integritet, hatsk eller på andre måtar støytande;
- (b) lagrar, offentliggjjer, eller på annan måte overfører innhald som du ikkje har rett til å overføre,

for eksempel gjennom brot på andres immaterielle rettigheter eller opphavsrett;

(c) skader mindreårige på nokon måte;

(d) forfalskar sideheaders eller på annan måte manipulerer ei datamaskins identifikatorar for å skjule avsendarar identitet før data overførast til tenesta;

(e) lagrar, offentliggjør, eller på annan måte overfører data som inneheld virus for program eller annan datakode, filer eller program eller annan vondsinna kode som er utvikla for å avbryte, øydelegge eller begrense funksjonalitet i eit dataprogram;

(f) forstyrrar eller avbryter (eller forsøk på å forstyrre eller avbryte) denne tenesta eller servere og nettverk tilknytta tenesta, eller ikkje følgjer alle krav til rutinar, retningslinjer eller øvrige bestemmingar for nettverkstilkopling til tenesta;

(g) gir uttrykk for misbruk, støytande språk og bilete, obskønitet eller pornografi eller anna materiale som kan føre til straffeansvar under gjeldande lover, eller bryte med lover og reglar frå styrande organ som har domsmyndigheit over Eninvest AS, dotterselskap, samarbeidspartnarar eller brukarar.

6. Ingen overvaking av innhald

Eninvest AS kontrollerer ikkje innhaldet brukarar lagrar gjennom tenesta, og er ikkje på nokon måte og for noe formål forplikta til å gjennomføre denne type overvaking. Den enkelte brukar av tenesta står ansvarlig for innhaldet vedkommande lagrar gjennom tenesta – Eninvest AS kan ikkje haldast ansvarlig for dette.

7. Garantivilkår og ansvarsfråskrivningar

Tenesta og alle produkt og tilknytte tenester som Eninvest AS tilbyr leverast “som den er” (“as is”) utan nokon form for garanti. I så stor grad som loven tillet fråskriver Eninvest AS seg alle garantiar for sikkerheit, funksjonsstabilitet, pålitelegheit og yting for tenesta.

Som bruker av tenesta må du være innforstått og einig med at all overføring og lagring av filer/data gjennom tenesta samt overføring av data til og frå tenesta utelukkande skjer på eige ansvar og risiko, og at du sjølv står ansvarleg for eventuelle tap av digitale bilete, andre data eller skade på din datamaskin og nettverk, som resultat av lagring eller overføring av innhald til eller frå tenesta eller ved bruk av tilknytte tenester.

Forutan det som uttrykkelig er angjeve i det føregåande avsnittet skal Eninvest AS i den utstrekning lova tillet ikkje haldast ansvarlig for nokon direkte eller indirekte skader, sjølv om Eninvest AS har blitt informert om muligheita for slike skader.

8. Overskriding av lagringskapasitet, sletting av data og stenging

Den enkelte brukar av tenesta er forplikta til å ikkje nytte meir lagringskapasitet enn det som er avtalt. Dersom ein brukar nyttar meir kapasitet enn avtalt, må brukaren slette data slik at grensa for lagringskapasitet overhaldast.

Brukarar vil bli varslet om eventuelle overskridingar, og må umiddelbart fjerne overskytande data. Dersom brukaren ikkje slettar overskytande data vil skrivetilgang til tenesta sperrast. Eninvest AS forbeheld seg også retten til å fjerne data frå ein brukars lagringskonto slik at den avtalte lagringsgrensa overhaldast. I slike tilfeller har Eninvest AS også muligheit til å sperre brukarens tilgang til tenesta.

9. Prisar

Eninvest AS viser til spesielle prisar for Eninvest Sikker Lagring. Prisane er tilgjengeleg på Eninvest AS sine nettsider, www.eninvest.no.

10. Inaktivitet

Dersom brukaren ikkje har nytta tenesta i løpet av ein periode på 6 månader vil tenesta bli deaktivert. Kunden vil bli varslet per e-post før kontoen deaktiverast. Data som er lagra gjennom tenesta vil bli tatt vare på i ytterligare 3 månader og vil innanfor dette tidsrommet vere disponibelt for kunden dersom konto gjenopnast.

11. Oppseiing

Oppseiing av internettabonnementet hos Eninvest AS omfattar også oppseiing av tenesta. Kunden må sjølv sikre at lagra data blir ivaretatt ved oppseiing.

13. Generelle vilkår

Alle juridiske spørsmål som oppstår av eller har forbindelse med bruk av tenesta skal tolkast i henhold til lovene i Noreg utan omsyn til motstridande lovprinsipp.